

Instruks valnemnd

§ 5-1

Sogn Sparebank

1. Føremål med instruksen

Instruksen gjelder for valnemnda i Sogn Sparebank. Valnemnda skal innstille kandidatar til styret, valnemnd og førebu val av medlemar til generalforsamlinga.

Det er generalforsamlinga som fastset instruksen.

Tilsette førebur og gjennomfører val av tilsettere representantar og varamedlemar til generalforsamling og styret. Tilsettevalnemnda har sin eigen instruks.

Eigenkapitalbevisegarane førebur og gjennomfører val av medlemar og varamedlemar til generalforsamlinga, styret og valnemnd i eige valmøte. Det er banken si valnemnd som skal førebu dette møte, meir om dette under kapittel 4.

2. Valnemnda sin samansetning

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 5 medlemar samt 1 personelg varamedlem for kvar av dei faste medlemane. Dette vert valt for 2 år. Valnemnda skal veljast av generalforsamlinga sine medlemar. Valnemnda skal ha representantar frå alle grupper som er representert i generalforsamlinga, og skal veljast som følger:

VALNEMND	Valperiode	
	1	2
MEDLEMAR		
Kommunevald/kundevalde	1 representant	2 representantar
Eigenkapitalbevisegarvald	1 representant	
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMAR		
Varamdlem kommunevald/kundevald	2 representantar	1 representant
Varamedlem eigenkapitalbevisegarvald		1 representant
Varamedlem tilsettevald		1 representant

Leiar for valnemnda skal veljast særskilt for to år blant medlemane i nemnda, første periode.

Kommune-/kundevalde vel 1 person frå kvart av områda Aurland, Lærdal/Årdal og Vik.

3. Valnemnda sine møter

Sogn Sparebank - Framlegg ny instruks for banken si valnemnd – Instruks for sentral valnemnd og lokale valnemnder utgår. Saknr. 09/2026 i generalforsamlinga 15.04.2026

Sekretær i generalforsamling kallar inn til møter i samarbeid med valnemnda sin leiar. Ved innkalling av møter skal agenda følge med. Sekretær i generalforsamlinga har ansvar for å føre møteprotokoll.

Valnemnd er vedtaksfør når leiar og minst to medlemar er til stades. Medlemene skal så langt det let seg gjere, gjevast høve til å delta i handsaminga.

4. Valnemnda sitt arbeid

- Førebu val til generalforsamlinga
 - Kundeval:
 - Framlegg til kandidatar for områda Aurland, Årdal/Lærdal og Vik. Medlem i valnemnda som er frå same geografiske område til den kundevalde tek kontakt for å avklare eventuelt attval av medlemar og varamedlemar som er på val.
 - Valnemnda skal syte for at dei tilrådde representantane representerer banken sin kundestruktur.
 - Retningslinjer for valbare kundar går fram av banken sine vedtekter § 3-3 og § 3-4. Sekretæren til generalforsamlinga undersersøker om kandidaten er valbar.
 - Tal medlemar og varamedlemar frå kundar som skal veljast går fram av banken sine vedtekter § 3-4.
 - Metode for gjennomføring og dato for val
 - Ved stemmelikheit vert val avgjort ved loddtrekning
 - Protokoll over valresultat
 - Sekretær sender ut e-post til alle kandidatane som var med i kundevalet om resultat
 - Eigenkapitalbeiviseigarval:
 - Førebu valmøte
 - Kalle inn til møte seinast 21 dagar før møte, dette skal også meldast på Oslo Børs
 - Framlegg til kandidatar med innstilling frå banken si valnemnd. Denne skal leggjast fram på valmøte av leiar i valnemnda. Dersom ikkje leiar kan møte, skal eit anna medlem frå valnemnda møte.
 - Retningslinjer for valbare eigenkapitalbeiviseigarar går fram av banken sine vedtekter § 3-3 og § 3-7.
 - Tal medlemar og varamedlemar til generalforsamlinga frå eigenkapitalbeiviseigarane som skal veljast kjem fram av banken sine vedtekter § 3-7.
 - På same møte skal styremedlem og varamedlem til styret veljast, jf. banken sine vedtekter § 4-1
 - Medlem og varamedlem til banken si valnemnd skal veljast, jf. banken sine vedtekter § 5-1.
 - Det skal førast protokoll med oversikt over møtande eigarar av eigenkapitalbevis, eventuelt fullmaktigar for eigarane, og kor mange stemmer kvar av dei representerer.

- Protokollane skal underteiknast av møteleiar og to andre personar som vert valt av valmøte.
 - Signert protokoll vert publisert på Oslo Børs.
 - Avstemming kan skje muntleg dersom ikkje nokon krev at dette skal skje skriftleg.
 - Ved stemmelikheit vert val avgjort ved loddtrekning
- Vala skal haldast innan utgangen av februar
 - Samorde alle val frå alle gruppene til generalforsamling
- Informere kommunen om evt. behov for suppleringsval
 - Innstille leiar og nestleiar i generalforsamlinga
 - Innstille kandidatar til styret:
 - Førebu og gjere framlegg til generalforsamlinga sit val av medlemar og varamedlemar til styret frå dei lokale områda Aurland, Årda/Lærdal, Vik og eventuelt uavhengige kandidatar.
 - Innstille medlem og varamedlem til styret frå eigenkapitalbeveigarane. Innstilling bør følge innkalling til valmøte til eigenkapitalbeveigarane som skal sendast ut seinast 21 dagar før møte.
 - Retningslinjer for valbare styremedlar, valperiode, tal styremedlemar og varamedlemar til styret som skal veljast går fram av banken sine vedtekter § 4-1
 - Styremedlemane må ha kompetanse som er naudsynt ut frå banken sin organisasjon og verksemd. Misnt eitt styremedlem skal ha kvalifikasjonar innan rekneskap og revisjon.
 - Kandidatane må stetta kravet frå Finanstilsynet om å vera eigna til vervet
 - Innstilling skal grunngjevast og innehalde relevant informasjon om kandidatane med mellom anna informasjon om kompetanse, kapasitet og uavhengigheit. Dette skal leggjast fram på møte i generalforsamlinga.
 - Det er krav til 40 % kjønnsfordeling i styret. Tilsettere representant(ar) skal reknast for seg. Det vil seie at med eit medlem er det ikkje krav til kjønn, ved 2 medlemar må det vere ei kvinne og ein mann. Tilsvarande gjelder for varamedlemar til styret.
 - Innstille medlemar og varamedlemar til valnemnda frå dei lokale områda Aurland, Årdal/Lærdal og Vik.
 - Innstille leiar og nestleiar til styret
 - Samordne alle val, og kome med samla innstilling til alle val i generalforsamlinga. Dette gjelder medlemar og varamedlemar til generalforsamlinga, styret og valnemnd.

- Kome med framlegg til honorar til tillitsvalde

5. Oppgåver til valnemnda

- Faste agendapunkt på første møte:
 - Oppsummering av fjorårets arbeid
 - Val av leiar for valnemnda (kvart 2. år)
 - Utarbeide årshjul innen utgangen av november
 - Rådføre seg med adm. Banksjef og sitjande styre kring kompetansebehov i styret. Avklaring av kven som skal ha denne dialogen med administrasjonen og styret
 - Gjennomgang av teieplikt, og evt. signering på skjema om teieplikt for nye medlemar

6. Valnemnda si rolle i generalforsamlingsmøte

- Valnemnda si innstilling skal kunngjerast på banken si heimeside og på Oslo Børs. Dette bør gjerast samstundes som innkalling til generalforsamlinga vert sendt ut til medlemar og varamedlemar av generalforsamlinga. Dette vert utsendt pr. e-post, men medlemar og varamedlemar kan be om får dette tilsendt pr. post.
- Innstillinga skal innehalde ein kandidat pr. verv, det vil dei den kandidaten med flest stemmer i valnemnda dersom det ikkje er samrøystes.
- Dersom innstillinga ikkje er samrøystes i valnemnda, skal leiar gjere greie for prosess og kandidatar på generalforsamlinga.
- Det skal førast protokoll over vala. I protokollen skal det førast:
 - Tidspunkt for vala
 - Valnemnda sin samansetnad
 - Resultatet av vala
 - Protokollen skal underteiknast av valnemnda sine medlemar